

Musicallauget kjenner seg boikotta

Manglande interesse frå fjernsyn og presse, og fråvær av byfolk på Disney-framsyningane, får Bømlo Musikal Laug til å kjenna seg boikotta i Haugesund.

Atle Hansen

- Me har ikkje nådd gjennom i media. Korkje Haugesunds Avis eller TV Haugaland viste interesse for "Zero to Hero - historia om Disney". Det verkar som dei boikotta oss, seier produksjonsleiar Kjell Arne Røksund i Bømlo Musikal Laug.

Dei fire framsyningane av "Zero to Hero - historia om Disney" trekte berre 400 menneske, berre ein firedel av kva det er plass til i amfisalen i Staalehuset. Mest alle dei frammøtte kom frå Bømlo.

- Kunstnerisk er me svært godt nøgde med framyningane, men publikumsmessig kunne det vore langt betre, seier Røksund.

- Det kan godt henda at me har gjort ein for dårleg jobb på marknadsføringssida. Når det galdt tittel og plakat, hadde me eit problem, då Disney-konsernet nekta oss å bruka dei kjende Disney-figurane på plakaten.

-Me kjem sjølvsagt til å tapa pengar på denne oppsetjinga, men det rekna me med. Grunnen til at me sette i gong med prosjektet, var halda lauget varmt medan me jobbar med neste store musikaloppsetjing i 2003.

På spørsmål frå Sunnhordland om det kan vera aktuelt å setja opp Disney-forestillinga andre stader enn i Haugesund, t.d. Moster Amfi, svarar Røksund at det truleg ikkje let seg gjera. For det første vil det kosta for mykje å samla ensemblet igjen, og for det andre vil ikkje forestillinga høva godt i Moster Amfi.

Bømlo Musical Laug arbeider no med å få løyve til å setja opp «Les Miserables» i Moster Amfi. Det er aldri tidlegare vorte tillate at amatørar spelar denne musikalen, men Kjell Arne Røksund har god tru på at dei likevel skal få det til.